

Romjulscup med fleire uskedelingar

26.12.2013

Romjulscupen til Trio Fotball går i dag og imorgon for 21.gongen og også i år er Uskedalen godt representert. Men heilt lett er det ikkje å identifisera uskedelingane bak dei mange fantasifulle namna. I alle fall er Uskedalen heilt eller delvis representert på herrelaga Bossano Virtus, Kollektivet og Veni Vichi. Bossano Virtus vann gruppa si for 3 år sidan og forståsegpåare meiner at dei stillar sterkt også denne gongen.,

Det stillar 20 herrelag og 6 damelag denne gongen og damene avslutta i dag med siger til laget 99erane som er frå Husnes, Eit lag med Uskedalinns lag som har hevda seg bra og gått til topps 2 gonger er Bocca Under, men det er ikkje å finna på lista i år.

Romjulscupen har vorte ein stor suksess og er eit kjær treffpunkt for fastbuande og gjester no i jula. Det var eit myldrande og sosialt liv i hallen heilt frå start i går.. Imorgon er det sluttspel som i likheit med dagens program vil vara heilt til kvelds.

Av Ola Matti Mathisen